

Fra: monika gullaksen <imhwiogo@hotmail.com>
Sendt: 29. juli 2015 17:36
Til: Ødegård Anette
Emne: INNSIGELSE MOT TRASEVALG FOR KRAFTLINJE

Fjelltrimgruppa til Risnes IL vart representert på informasjonsmøte på Vidsyn 10.06.15.

Takker for informasjonen og tek herved imot oppfordringa om å levere skriftlig innsigelse.

Fjelltrimgruppa har gjennom 30 år prøvd å få folk ut på tur med å legge ut poster og merke turstier / løyper.

Og me har lukkast med å få dette til.

Dei siste åra har det vore over 1200 stk som har gått på turane våre.

- RIL er idrettslaget som er på nordsida av Masfjorden kommune og omfavner ca 1 / 3 del av kommunen.

Masfjorden kommune har ca 1700 innbyggere, så det seier litt om kor attraktivt det er å bruke fjella våre til sportslige aktiviteter.

Og til rekreasjon - både for fastbuande og tilreisande.

Innover Myrdalen kan alle gå, mosjonister, trimmarar og dei som vil gå lengre turar.

Myrdalen, Storenova, Øksefjellet og Sleirsfjellet har vore noko av dei mest attraktive områda me har hatt for våre turar.

Me har ofte lagt løypene slik at ein startar innover Myrdalen, går via Bondesteinen til Øksefjellet og heimatt Birkelandsdalen.

- eller me går til Storenova, ned i Myrdalen og heimatt dalen.

- ei anna rute er Markusdalen, opp på Sleirsfjellet og ned i Myrdalen.

På desse rutene får ein ulike opplevelser i naturen, variert etter årstidene med forskjellige planter, dyr og fugleliv.

Ei kraftlinje gjennom dette område vil heilt klart forringe opplevelsen for oss som ferdast der.

Me i Fjelltrimgruppa vil på det sterkaste fraråde å bygge linje gjennom Myrdalen og fjellområda rundt det.

Me føler at verdiane i naturopplevelsane som me set så høgt, blir så lite verdsatt når andre tel kroner.

Men me håper de vil ta hensyn til kommunane sine utsegn og til folket som bur her.

Mvh.

Fjelltrimgruppa V/ Monika Gullaksen